



Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS  
Kvingebakkevegen 97  
5981 MASFJORDNES

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 20/365 - 20/5352

Saksbehandlar:  
Thomas Skår  
thomas.skar@masfjorden.kommune.no

Dato:  
29.05.2020

## Melding om delegert vedtak - søknad om løyve til avkørsle frå kommunal veg, veg til småbåthamn og etablering av parkeringsplassar samt kai og båtopptrekk - gbnr 37/8

**Administrativt vedtak.** Saknr: 072/2020

**Tiltakshavar:** Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS

**Ansvarleg søker:** Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-1

### VEDTAK:

Masfjorden kommune viser til plan- og bygningslova § 20-1 og godkjenner søknad om etablering av veg til småbåthamn og etablering av parkeringsplassar samt kai og båtopptrekk gbnr 37/8.

Søknad med vedlegg mottatt 14.04.2020 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart mottatt 14.04.2020.
- Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen før det vert søkt om ferdigattest.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

**Grunngjeving:** Søknaden er i tråd med reguleringsplan for Nordkvingo småbåthamn.

**Heimel:** Plan- og bygningslova § 20-1 og reguleringsplan for Nordkvingo småbåthamn.

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til veglova § 40 og godkjenner søknad om ny avkørsle frå kommunal veg gbnr 37/8.

Søknad med vedlegg mottatt 14.04.2020 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Avkjørsla skal byggast slik at overvatn frå avkjørsla ikkje renn inn på den kommunale vegen. Den må også byggjast slik at overvatn frå vegen ikkje renn inn i avkjørsla. Viss avkjørsla avskjerer open grøft skal det leggjast godkjente avløpsrør med minimum 200 mm i indre diameter.

**Avløpsrør skal leggast slik at veggrøftas funksjon oppretthaldast. Grøftevatn skal ha fritt løp inn og ut av røret.**

- **Fri sikt - Det skal være uhindra sikt i eit område langs den kommunale vegen på kvar side av avkjørsla. Frisiktområdet skal være fri for sikthindringar høgare enn 0,5 m over hovudvegen sitt nivå.**
- **På dei første 2 m frå vegskulderkant skal avkjørsla ha eit fall på 1:40 (2,5%). På dei neste 3,5 m skal avkjørsla ha ein maksimal stigning på 1:20 (5%) eller eit fall på 1:30 (3,3%). Deretter anbefalast det at vegen ikkje har eit større stigning/fall enn 1:8.**
- **Avkjørsla med tilhørande siktområde, rør eller stikkrenner skal vedlikehaldes av grunneigar eller brukar, uavhengig av kven som har bygd eller påkosta avkjørsla.**
- **Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiksonene.**

**Grunngjeving: Søknaden er i tråd med veglova § 40-43.**

**Heimel: Veglova §§ 40-43.**

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAG	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVARSMRÅDE
<b>SØK</b>	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Ansvarleg søker
<b>PRO</b>					
Veg, uteareal og landskapsutforming	Frode Haugsvær Maskin AS	985442329	S	1	Veg, uteareal og landskapsutforming. Prosjektering av heile tiltaket
Oppmålingsteknisk prosjektering	Frode Haugsvær Maskin AS	985442329	S	1	Innmåling for prosjektering
<b>UTF</b>					
Innmåling og utstikking av tiltak	Frode Haugsvær Maskin AS	985442329	S	1	Innmåling av ferdig anlegg
Veg- og grunnarbeid	Frode Haugsvær Maskin AS	985442329	S	1	Utførelse av alle anleggsarbeid
Landskapsutforming	Frode Haugsvær Maskin AS	985442329	S	1	Utføring landskapsutforming i prosjektet

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.

#### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjær seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjær stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjær identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

#### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.5	Basisgebyr konstruksjon og anlegg	1	9400,-
Totalt gebyr å betala			9400,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

## Klage

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Roald Kvingedal

teknisk sjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

Thomas Skår

sakshandsamar

## Mottakarar:

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS

Kvingebakkevegen 5981

MASFJORDNES

97

## Saksutgreiing:

### 1. Bakgrunn

Det er i søknad mottatt 14.04.2020 søkt om løyve til etablering av veg til småbåtshamn, etablering av parkeringsplassar og avkøyring frå kommunal veg samt kai og båtopptrekk gbnr 37/8.

## **2. Uttale**

Søknaden er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3. Det føreligg ikkje merknader til søknaden.

## **3. Fakta**

Saka gjeld søknad om løyve til å etablere veg til småbåtshamn, etablering av parkeringsplassar og avkjøring frå kommunal veg samt kai og båtopptrekk gbnr 37/8. Omsøkt tiltak ligg i reguleringsplan for Nordkvingo småbåthamn.

Det er søkt om avkjørsle frå kommunal veg, veg frå avkjørsel og til nothustomta, parkering ved enden på vegen og parkering bak 3 etablerte naust samt kai og båtopptrekk. Veg vert 105 meter lang og 3,5 meter brei.

Når det skal byggast ein avkjørsel frå ein communal veg, er det viktig at denne vert bygd slik at trafikktryggleiken for alle som ferdast langs vegen vert ivaretaken. På bakgrunn av dette, vert det stilt krav til drenering, fri sikt, svingeradius og lengdeprofil når det skal byggast nye avkjørsler.

Ny veg vil krysse etablert avlaupsanlegg, dette er eigd av tiltakshavar som har kontroll på plassering, avtale er difor ikkje nødvendig.

Det er vedlagt avtale med grunneigar om rett i fast eideom der Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS får rett til å bygge veg, parkeringsplass samt kai og båtopptrekk som vist på situasjonsplan.

## **4. Vurdering**

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS er godkjent som ansvarleg søker for tiltaket, og er ansvarleg for at alle oppgåver er belagt med ansvar. Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjevne i eller i medhald av plan- og bygningslova. Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Det er §§ 40 – 43 i Veglova samt forskrift FOR-1964-07-16 nr. 3905 som gjev lovheimel for at vegmyndigheita kan sette krav til utforming, bygging og vedlikehald av avkjørsler. Det vert vist til vilkåra for godkjenning av avkjørsel i vedtaket.

## **5. Konklusjon**

Søknad om etablering av veg til småbåtshamn, parkeringsplassar og avkjøring frå communal veg samt kai og båtopptrekk gbnr 37/8 vert godkjent som omsøkt, jf. vedtak.